

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[780] N-23173 (Tidlegare omtala: Düwel 1987: 86 note; 1989: 57 – Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 47, 60; 1990b: 18, 21 – Seim 1989: 336; 1991b: 26, Christophersen 1998: 27).

Innskrifta står på eit eigarmerke av tre, forma med ein handtakliknande spiss i eine enden. Gjenstanden er 93 mm lang og har eit største tverrsnitt på 22 x 3-4 mm. Han vart funnen i Folkebibliotekstomta 1974, felt FE i hovudfase 7/8, som arkeologisk kan tidfestast til ein periode som strekkjer seg frå om lag 1175 til om lag 1275.

Det er runer på den eine breisida av merket. Innskrifta er 55 mm lang og runene 22 mm høge. Dei er dobbeltskorne og svært tydelege. R. 3 har kvisten eit stykke nede på staven, men med klår høgdeskilnad i høve til r. 1 og r. 7 (**a**) og må utvitydig lesast som **t**. R. 4 har open boge, men på grunn av at runa er dobbeltskoren, er det nesten kontakt mellom nedre del av bogen og staven. R. 5 har eit tydeleg stikk midt på. Dette skil seg lite ut nede i det dobbeltskorne snittet, men må likevel lesast som sikker **e**. R. 6 har punktering i enden.

††1R††1Y|Y

a n t r e s a m i k

Ándrés á mik. 'Andres eig meg'.

Eigarformularen *nn á mik* finst berre på dette eine merket i trondheimsmaterialet. I det tilsvarande materialet frå Bergen finst det 10 merke med denne varianten av eigarformularen (N675, 688, 706, 715, 732 743, 751 753, 757 og 763). Språkleg sett får vi på dette viset setning med både subjekt, verbal og objekt, men referansen til kva eigarforholdet viser til, er like open eller uklår som i dei tilfella der vi anten berre har personnamn eller personnamn saman med verbet *eiga* i formularen.

Mannsnamnet *Ándrés* i innskrifta let til å vera innlånt i norsk på 1100-talet og er heller sjeldsynt i kjeldene frå den tida (NIyR IV: 230). Det er ei form av *Andreas* som vart nytta både i Noreg og på Island og som vart "allt vanligare" i den seinare delen av mellomalderen, særleg i Noreg, seier Lind (1905-15: 28). Den arkeologiske tidfestinga av funnet samsvarar såleis godt med dei opplysningar vi elles har om bruk av dette mannsnamnet i vestnordisk namneskikk, anten vi reknar innskrifta som ung eller gammal i høve til dateringa av den arkeologiske konteksten.